

Arkiv: FA-C83, TI-&17
JournalpostID: 19/102
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 27.05.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
024/19	Fellesnemnda Alver partsamansett utval	29.05.2019

Melding/orientering til PSU 29.05.2019

Vedlegg i saken:

27.05.2019	Oppgåve og ansvarsfordeling i overgang til ny kommune	1325533
27.05.2019	Sak FA - Møteplan haust 2019	1325530
27.05.2019	Møteplan Alver 2019	1325528

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Meldingar/orientering til PSU:

- Oppgåve og ansvarsfordeling i overgang til ny kommune (sjå vedlegg)
- Møteplan haust 2019 (sjå vedlegg)
- Status IKT-prosjekt
- Status organisasjonsprosjekt
- Økonomiplan inkl. eigeendomsskatt
- Bruk av rådhuset i Manger

Fellesnemnda Alver partsamansett utval 29.05.2019:

Behandling:

HTV ynskjer god involvering i justert budsjett 2020.

Uttale frå organisasjonane v/HTV Jarle Næss:

Dei tilsette sine organisasjonar meiner at prosessar knytt til organisering av leiarnivå og tenesteområder for Alver kommune i all hovudsak er veldig ryddige, og der ulike interessantar i all hovudsak blir involvert. Difor ønskjer organisasjonane at ein opprettheld dagens delegering til rådmannen og administrativt nivå. I den grad prosessar av ulike interessantar opplevast som uryddige, så blir dette tatt opp og løyst administrativt. At fleire saker knytt til administrativ organisering skal opp i Fellesnemnda vil føre til forseinkingar i organisasjonsprosjekta, og vi reknar det som lite truleg at politisk handsaming vil bidra til

betre løysingar enn det prosjekta sjølv greier å kome fram til.

Uttalen vert lagt fram for fellesnemnda til vedtak frå formannskapet i Meland kommune. Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FA PSU- 024/19 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.